


Prekenverkstedet



<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

3. søndag i adventstida - 17. desember 2017

Preiketekst: Luk 3,7-18

Lesetekst I: Jes 40,1-5

Lesetekst II: Jak 5,7-8

Botsdagen i adventstida

Dei fire adventssundagane har som kjent også kvart sitt serpreg.

3.s. i adventstida er *botsdagen* i adventstida. Johannes døyparen har etter tradisjonen hatt mykje merksemd på denne dagen. Men det er ikkje Døyparens dag, den kjem om 6 månader, på Jonsokdagen.

Legg merke til at her er slått på tonen om tålmod og trøyst.

Og då minner eg, i dette året for reformasjonsjubileet, om at *bot* var eit sentralt punkt i Martin Luthers opprør mot (pave-)kyrkja. Dei 95 tesene han slo opp på veggavisa i Wittenberg om kvelden den 31.okt 1517 handla jo eigentleg om boten. Den fyrste tesen lyder slik: "Då vår Herre Jesus Kristus sa "Gjer bot", så meinte han at heile livet vårt skulle vera ei bot".

Og då er det også viktig å vita kva *bot* er, i evangelisk forståing:

Bot er ikkje å bøta, å betala eller gi vederlag for eitt eller anna.

Anger og tru

Bot er to ting, har vi lært av reformatoren:

- å angra over vår ulydighet, vårt opprør mot Meisterens ord, og over at vi ikkje gjer etter hans vilje.
- å tru evangeliets ord om at den som tek imot i tru, får tilgjeving og rettferd i gave.

Dette kan vera ei nyttig tilnærming til denne teksta, og til denne sundagen, sjølv om det i fyrste omgang kan synast å liggja litt fjernt frå den stemninga vi er i, eller ynskjer å koma i, nå rett framfor gledens høgtid.

Poenget er at trøysta nærmar seg, for Guds folk i den gamle pakt. Det gamle testamente er ein illustrasjon av folkets opprør, og av at Herren Gud er trufast, og aktar å halda sine lovnader til sitt folk. Les denne GT- teksta i dette lyset: "Trøyst, trøyst mitt folk, seier Gud. Tal til Jerusalems hjarte, og sei til henne at striden er fullført, skulda betalt, og at ho får dobbelt av Herrens hand for alle sine synder".

Og her har vi jo også sjølve juleevangeliet, på denne dagen like oppunder julehøgtida:

Ver tålmodig, alle folk og folkeslag. Ta imot Herrens komme. Rydd veg for Herren. Dette kan vi jo:

Gjør døren høy, gjør porten vid!

Den ærens konge kommer hit!

Han råder over alle land,

og er all verdens frelser sann.

Breiare perspektiv

Vi får altså i dag eit litt breiare perspektiv over julebudskapen enn vi visst til vanleg tenkjer over:

Julens budskap er det underfulle høgdepunktet, og den gode sluttsteinen i Herrens plan for sitt folk, og for heile den verda han har skapt: Herren vil sjølv sjå seg ut eit offerlam, til redning for alle som vil ta imot i tru.

Der han anten må gi opp å vera heilag Herre, og sjå gjennom fingrane med at folket har gjort opprør, eller han må gi opp sitt krav om sanning og oppgjer for synd, der vel han å senda sin eigen son, til soning, til sydebukk, som skal bera verdens og våre synder.

Vi går i møtes med fyrste steg i Guds frelsesaksjon for vår jord: Adventus Domini. Herrens komme, for å ropa ut et nådens år, for å fullføra sin plan om å utløysa, gjenvinna, kjøpa seg eit nytt folk.

Gi, og gi med glede!

Preiketeksta i dag er også ei botstekst. Johannes Døyparen kjem med eit inntrengjande og manande preg: Ta imot! Høyr og vend om!

Også det høyrer til i julens budskap.

Å venda om, det tyder eigentleg akkurat det: Å skifta retning for livsreisa. Å ta ein ny kurs i livet sitt.

Det er julebudskapets hensikt og meining for oss: at vi får eit nytt mål for vår reise. Ein ny heimveg, og ei ny forventning om å nå fram.

Her i adventens botssundag får vi også dette lagt innover oss: Guds rike er kome nær. Omvend deg, og tru på evangeliet!

Frukt av barnekåret

Lat julens budskap få fylgjer for liv og livsferd: Ber frukt, som svarar til ditt nye barnekår.

Ikkje: gjer di plikt, hald din del av kontrakta. Men: Elsk din neste, gi omsorg. For det er Guds vilje med våre liv. Både når vi gir julegaver til våre eigne nære og kjære, *og* når vi møter dei som lite har, og som treng ein neste, og eit medmenneske som har møtt barnet i krubba, og sett hans underfulle gave til oss alle.

Her møter vi juleevangeliets jordingskontakt.

Som gjer jula til meir enn lettvent teori og prektige prinsippar:

Ber frukt som viser at omvendinga er ekte.

Gud sin egen sønn oss gav

Nå ved juletime.

Derfor går et lovsangshav

Over verden vide.

Derfor fra det høye kor

Lyder det her nede:

Give er din sak på jord,

Gi, og gi med glede!

(Gustav Jensen 1896).

God julehelg!

Ole Gunnar Sæbø

Pensjonert prest

o.g.sabo@online.no